

## Referat SU/ SMU, Sviland skule 28.03 2017

<b>Sviland skule</b>	MØTETYPE:	Møte i Samarbeidsutvalet		
	MØTE NR.:	2 – 16/17		
	DATO:	28.03 2017 19.00- 20.00		
	STAD:	Personalrom, Sviland skule		
	MØTELEIAR:	Inga Sandnes		
	MØTEREFERENT:	Trond Fossum		
	ARKIVKODE: Jnr			
<b>Til stade:</b>	Inga Sandnes, leiar Renate Furenes, pedagogisk personell Ina Røsselund, SFO representant Ola Andre Auestad, SMU Samuel og Eigil, Elevråd Trond Fossum, rektor			
<b>Fråvær:</b>	Gudrun Bertelsen, andre tilsette Ann Helen Tveit, pedagogisk personell Bjørn Bråtveit, politisk representant			

Dersom ein ikkje kan møte, må ein sjølv informere vararepresentanten.

SAK	
08 – 16/17	Godkjenning av innkalling
09 – 16/17	Saker til eventuelt?
10 – 16/17	Info frå elevrådet, tilsette og rektor  Tilsette – <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ann Helen og Renate har vært på Island i anledning Traces og Europe og lært om «Beginning literacy». Opplegget hadde ein del trekk frå stasjonsundervisning også kalla Nylund-metoden. Skulen kan ta flere av tipsene og tilpasse til norsk metodikk. Også overførbart til mellomtrinn, for eksempel i engelsk stasjonsundervisning.</li> <li>- Det skal vere påskelunsj for dei fleste klassane i veke 14.</li> <li>- Har hatt aktivitetsdag på Sørmarka Arena for mellomtrinnet, kjekt at FAU spanderer buss. Veldig kjekk dag!</li> <li>- Siste veka før vinterferien var det forfattarveke som handla om Roald Dahl. Fredagen ble avslutta med gullbillett til film i gymsalen – takk til FAU for popcorn. Godt jobba av elevane i oppryddinga. (Karneval blei ikkje prioritert i denne omgang, da forfattarveka blei forskjøva).</li> <li>- Foreldremøte 24. april om leirskule for 6. og 7. trinn.</li> <li>- Jobbar med overgangar mellom barnehage-skule og barneskule-ungdomsskule. Blir nokre arrangementer i denne anledning framøve.</li> </ul>

	<p>Elevråd – Framleis eit aktivt elevråd på Sviland skule. Dei har mange gode idéar og tankar for utvikling av utemiljø og skolemiljø. Rektor vil ta opp fleire av dei i nærmeste FAU-møte.</p> <p><b>Rektor -</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det har blitt vald ny FAU-leiar.</li> <li>- Sjukdom. Inspektøren er ute i sjukmelding, men har satt inn tiltak som gjer at vi taklar det for augneblikket. Elles dei vanlege sjukdomane som kommer med sesongen.</li> <li>- Når det gjeld neste skuleår har me ein plan for bruk av rom, som løysar det skuleåret. Viss utviklinga gjer eit liknande behov vil me få utfordringar med rom til skuleåret 18-19.</li> <li>- Vennebenk. Me har lagt dette på is, då elevrådet ikkje var sikker på at me ville klare å utnytte systemet godt nok. Me satsar på andre tiltak for å støtte det psykososiale miljøet.</li> </ul>
11 – 16/17	<p>SmartOppvekst –</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det blei gitt informasjon om felles plattform på skulen for arbeid med sosial kompetanse. Oppstart april 2017.</li> <li>- Torsdag 27. april kl. 18-20 vil det vere stormøte på Sviland skule om Smart oppvekst, og føresette, lag og foreningar vil bli invitert.</li> </ul>
12 – 16/17	<p>Gjennomgang av Elevundersøkinga hausten 2016.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Me såg på talla, som igjen visar høg trivsel, men lav motivasjon for læringsarbeid. Dette er noko skulen jobbar aktivt med.</li> </ul>
13 – 16/17	<p>Julegudsteneste – kor ofte må SU ta stilling til om det skal gjennomførast skulegudsteneste til jul? Me blir einige om ein måte å løyse det på. Se vedlegg om felles retningslinjer.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Einighet om at SU igjen stadfestar at me takkar ja til invitasjonen til julegudstjeneste, og følgjer retningslinjene frå Udir så godt det er mogleg.</li> </ul>
14 – 16/17	<p>Presentasjon og drøfting av budsjett 2017.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rektor viste til at sjølv om det er kome noko skjevt ut, vil ulike refusjoner og høstjusteringen gjere at skulen skal kome i balanse.</li> <li>- Kommunen har utvikla ein ny modell for tildeling, som gjer at skuler som Sviland får ein meir rettferdig fordeling av ressursar. Det er bra.</li> </ul>
15 – 16/17	<p>Kommentere Skolebehovsplanen 2018-2021</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- SU verdsetter at det anerkjennes et behov for utviding av Sviland skule. SU er spent på kva løysning som vil bli vald. SU undrar om det vil vere meir hensiktsmessig å bygge heilt nytt, då nåverande bygg er eit lappeteppe av påbygg, med strukturelle utfordringar? Det er også eit ønske om at ein multi-/idrettshall blir prioritert bygga i tilknyting til skulen.</li> <li>-</li> </ul>
16 – 16/17	Eventuelt

Vedlegg: 0